



Alver kommune
Plan - og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18719 - 20/81825

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
30.12.2020

Uttale frå landbruksavdelinga til byggesøknad på GBNR 236/20 Askvik

Syner til oversendingsbrev i saka med vedlegg frå byggesaksavdelinga, dagsett 02.12.2020

Tomten er frådelt og handsama etter jordlova og treng såleis ikkje vidare handsaming etter jordlova.

Landbruksavdelinga skal gje ein uttale til søknad om dispensasjon frå LNF – formålet på GBNR 236/20 Askvik då søker ynskjer å bygge hus på eigedomen. Landbruksavdelinga har vidare merka seg nabo på GBNR 236/1 sine merknader til nabovarsel.


Eigdomen GBNR 236/20 Askvik

Den 2,1 dekar store tomten ligg i eit område avsett til LNF – formål i kommuneplanen. Tomten vart ein gong frådelt GBNR 236/1 og grensar til denne eigedomen på tre sider og til GBNR 236/19 på sjøsida. Ifølgje Nibio sitt gardskart består tomten av 1,4 dekar produktiv skogsmark og 0,7 dekar bebyggt areal/uteområde/hage.

Eigedomen GBNR 236/1 Askvik

GBNR 236/1 er ein landbrukseigedom med ein eldre driftsbygning/lager og eit bustadhus med to bueiningar. Ifølgje Nibio sitt gardskart er landbrukseigedomen på 249,4 dekar. Av dette er det 11 dekar slåttemark (fulldyrka/overflatedyrka) og 5 dekar innmarksbeite. Det er såleis lite innmark på eigedomen. Derimot er det mykje produktiv skogsmark på eigedomen, heile 226,4 dekar. Vidare er det 4,3 dekar anna utmark og 3,7 dekar bebyggt/tun/veg.

Oversiktskart – GBNR 236/1 og 236/20 Askvik



Vurdering:

Det er mange år sidan det var sjølvstendig landbruksdrift på GBNR 236/1 Askvik. Det er andre som har hausta innmarka og dels beita innmark og noko av utmarka. For nokre år sidan vart det hogd ein del lauvskog i området og flisa opp for å etablera beite. No går det nokre få sauer på det arealet som vart rydda. Det må eit langt høgare beitetrykk til for å unngå at ikkje krattskogen på sikt skal ta overhand igjen. Skal det verta gode beiter må det truleg også kalkast og gjødselast. Slik er status no, men eigar har ambisjonar for egedomen sin

Landbrukskontoret ser positivt på at grunneigarar har ambisjonar for gardane sine. I dette tilfellet kan ein ikkje sjå at det skal vera grunnlag for konflikt mellom tradisjonell drift av småbruket GBNR 236/1 og bustadbygging på GBNR 236/20. Det er eit kupert terreng rundt tomten som i overskueleg framtid truleg ikkje vert opparbeida til slåttemark og dermed heller ikkje spreining av husdyrgjødsel. Spreining av husdyrgjødsel er ikkje tillatt i utmark. Etter søknad kan innmarksbeite godkjennast for spreining av mindre mengder husdyrgjødsel.

Slik landbruksavdelinga ser saka er den potensielle konflikten mellom landbruksdrift og bustad to punkt - gjerdehaldet rundt tomten og beitande dyr langs tilkomstvegen frå fylkesvegen og ned til tomten. Gjerdeplikta rundt GBNR 236/20 er, slik ein forstår det, avklart. Når det gjeld beitande dyr i tilkomstvegen ned til tomten så er det klart at dette krev stengsel i begge endar. Dette finns det fleire løysingar på. Dyrehaldar/grunneigar er truleg nøgd når dyra held seg på beitet. Dette kan ordnast med enkle og effektive grindar. Tomteeigar som skal køyre til og frå tomten, gjerne fleire gongar for dagen, ynskjer seg truleg litt dyrare løysingar som gjer at ein slepp ut og inn av bilen fleire gongar for kvar passering. Dette lyt partane verta samde om. Landbrukskontoret finn det naturleg at tomteeigar tar storparten av «ekstrakostnaden» i lettvinde løysingar som forenkler tilkomsten.

I nærområdet til Askvik, garden Totland, er det intensiv landbruksdrift med både småfe og storfe. Her beiter dyra med ein sterkt trafikert kommunal veg som går tvers gjennom fleire beiter. Dette er løyst med ferist i begge endar på eit beite og med elektriske ferister på eit beite. Løysingane finns, også for sterkt trafikerte vegar.

Konklusjon :

Landbrukskontoret har såleis ikkje innvendingar mot at det vert gjeve dispensasjon for oppføring av bustadhus på GBNR 236/20 Askvik

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune